



## Skala for uro- foreldre

Denne skalen er utarbeida for å ein lettare kan identifisere og skalere uro ein har rundt foreldre/føresatte til eit barn eller ungdom. Den er sett i samanheng med dei ulike nivå i BTI-rettleiaren, og kan gjerne brukast saman med andre BTI-verktøy som «Signal frå barn og unge på mogleg manglande trivsel», «Skala for uro-barn og unge» og «Observasjonskjema»

Det er viktig å huske at problem i ulike tidspunkt i livet kan få forskjellige plasseringar i bekymringsskalaen, og at den vurderinga du gjer vil vere ein augeblikksfaktor. Ei familie kan vere i ein belastande situasjon (til dømes skilsmisse eller dødsfall i familien), og det kan gi seg utslag i ein oppførsel som vekker bekymring. Det er uansett viktig å ta tak i det ein observerer og sette det i samanheng med andre observasjonar ein gjer.

Husk også at meldeplikta er personleg. Det betyr at dersom du vurderer ei bekymring som krev at du informerer barnevern eller sosialtenesta, så har du eit sjølvstendig ansvar for å gjere dette!

Ver varsam	Signal frå føresette/foreldre der foreldre/foreldre synest vere god	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldreomsorga er god.</li> <li>• Foreldre søker rådgiving dersom barnet i en periode ikkje trivst.</li> <li>• Foreldre søker kanskje hjelp ved å kontakte lege, helsesjukepleiar, barnehage, skule eller liknande.</li> <li>• Utfordringane vert handterte på tenestestaden.</li> </ul>	<p><b>BTI Nivå 0 –1</b></p> <p>Utfordringane vert handterte på tenestestaden.</p>
Ver varsam	Signal om at foreldre/foreldre kan vere redusert	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldre har uregelmessig frammøte.</li> <li>• Foreldre lar andre hente og levere barna, eller lar vere å delta på møte og arrangement.</li> <li>• Foreldre sluttar å overhalda avtaler, melder avbod i siste liten eller kjem med ulike forklaringar på kvifor dei ikkje kan delta på møte eller anna som vert arrangert av skulen, barnehagen, helsestasjonstenesta eller tilsvarande.</li> <li>• Endret fysisk og psykisk omsorgsevne.</li> </ul>	<p><b>BTI Nivå 1</b></p> <p>Utfordringane vert handterte på tenestestaden.</p>





Grunn til bekymring	Signal om at foreldre har egne vanskar som påverkar foreldreevna	Den fysiske framtoninga er prega av: <ul style="list-style-type: none"><li>• Hyppig sjukdom</li><li>• Lukt av alkohol</li><li>• Manglande situasjonsforståing</li><li>• Verkar ustelt og likegyldig til eigen framtoning.</li></ul>	Den psykiske framtoninga er prega av: <ul style="list-style-type: none"><li>• Irritasjon</li><li>• Isolasjon</li><li>• Usikkerheit</li><li>• Sårbarheit</li><li>• Nervøsitet eller mismot</li><li>• Redusert fysisk og psykisk omsorgsevne</li></ul>	<b>BTI Nivå 2</b> Utfordringane krev tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester.
Grunn til bekymring	Signal hos foreldre der barnevern/politi skal varslast	<ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldreomsorga manglar heilt.</li><li>• Foreldre er sterkt belasta i form av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller nettverksmessige faktorar.</li><li>• Ulike tiltak er forsøkte, utan resultat.</li><li>• Foreldre møter rusa opp for å henta barnet.</li><li>• Mistanke om vald, anten mot ein forelder eller mot barnet, eller mistanke om seksuelt misbruk.</li></ul>	<b>BTI Nivå 3</b> Utfordringane må løysast i tverrfagleg samarbeid med tilviste tenester. Akutt plassering må vurderast.	

